

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, MDG, SP, V, KRF, UA fram slikt forslag:

«Alternativ

**Ingen skal måtte fryse**

Straumprisen har auka kraftig den siste tida, og det er grunn til bekymring for at vi går mot ein vinter der folk med därleg økonomi kjem til å fryse. Mange frykter for straumrekninga, og sjølv om straumprisane varierer ein god del - både over tid og mellom landsdelar, er det er all grunn til å vente at straumprisen vil ligge på eit høgt nivå gjennom denne vinteren.

Bostøtten har fleire gonger blitt brukt for å lette straumutgiftene for husstander med låge inntekter. Fylkestinget meiner staten må sikre målretta tiltak, bla auka bustøtte, for kompensasjon for den stadig aukande straumprisen»

**Terje Søviknes (FRP)** sette på vegner av FRP, SP fram slikt forslag:

«Tillegg

I tillegg bør elavgifta, som i 2021 er på 16,69 øre/kWh utan mva, fjernast eller reduserast vesentleg.»

**Terje Kollbotn (R)** sette på vegner av R, UA fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland fylkesting vil oppmode det nye Stortinget om å vedta naudsynte endringar for å få ein rimeleg kraftpris både til innbyggjarane og industrien.»

## **Avrøyting**

Hammer sitt forslag vart samråystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 25 røyster (SP, UA, FNB, FRP, PP, R) og fall.

Kollbotn sitt forslag vart vedteke mot 22 røyster (MDG, H, KRF, V).

## **Vedtak**

**Ingen skal måtte fryse**

Straumprisen har auka kraftig den siste tida, og det er grunn til bekymring for at vi går mot ein vinter der folk med därleg økonomi kjem til å fryse. Mange frykter for straumrekninga, og sjølv om straumprisane varierer ein god del - både over tid og mellom landsdelar, er det er all grunn til å vente at straumprisen vil ligge på eit høgt nivå gjennom denne vinteren.

Bostøtten har fleire gonger blitt brukt for å lette straumutgiftene for husstander med låge inntekter. Fylkestinget meiner staten må sikre målretta tiltak, bla auka bustøtte, for kompensasjon for den stadig aukande straumprisen.

Vestland fylkesting vil oppmode det nye Stortinget om å vedta naudsynte endringar for å få ein rimeleg kraftpris både til innbyggjarane og industrien.